

AVSKJEDSGUDSTENESTE I VIK

Søndag 11.juni tok kyrkjelydane i Vik avskjed med Kyrkjelydspedagog Rut Solveig N. Netland og prestane Jostein Skutlaberg, Olav Martin Hove og Ole Agnar Helland.

I gudstenesta deltok utanom desse også vikarprost Jermund Hausberg (t.h. på biletet) og fleire lokale representantar.

Etter gudstenesta var det eit samvær i Kyrkjestova med suppe, kaker & kaffi.

Det vart overrekt gåver og bore fram helsingar. Ein dag fylt med takksemd over

tenesta desse har gjort i kyrkjelydane våre.

Det kjem meir frå denne dagen i «Helsing frå kyrkja».